

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016**

**Dan Stian Femoen (H)** sette fram slikt forslag:

«Endra punkt 3:

Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021.»

### **Røysting**

Innstillingsa punkt 1, 2, 4, 5 vart samrøystes vedteken.

Innstillingsa punkt 3 vart vedteken med 32 røyster mot 25 røyster (H, Frp, MDG, V) for Femoen sitt forslag punkt 3.

### **Vedtak**

1. Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar ved fem skular.
2. Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag.
3. Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018.
4. Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til Fylkestinget juni 2017.
5. Den yrkesfaglege koordinatoren:
  - Etablerer samarbeid med attføringsbedrifter i Hordaland
  - Etablerer samarbeid med opplæringskontora